# 2013

ÅRSMELDING **BREMNES FRYSERI**



Bremnes Fryseri er eit holdingselskap, og eig selskapa Bremnes Seashore, Salmon Brands og Kald Fisk som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av Salma, samt innovativ nytenking. Bremnes Fryseri eig og 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet Ocean Quality som sel heilfisk og foredla laks.

## Innhald


Investering i framtida 3
Frå start til mål 4
Lakseliv 6
Leverandøren som etablerte seg lokalt 11
Ei viktig bedrift for Bømlo 12
Våre viktigaste ressursar 16
Styret si årsmelding 18
Resultatrekneskap 24
Balanse 26
Notar 29
Revisor si melding 47


# Investering i framtida



**Året 2013** skriv seg inn i historiebøkene som eit av dei mest lønsame åra i laksenæringa. Dette gjeld også for Bremnes Fryseri. Fjoråret er det beste me har hatt økonomisk nokon gong. Den store auken i lakseprisen er ei vesentlig årsak, ei anna er jobben dei tilsette har gjort. Det hjelper lite med høge prisar om ein ikkje har dyktige medarbeidarar som står på når det trengs. Innsatsen til våre tilsette i 2013 er eg svært godt nøgd med.

**Investeringar** me har gjort er ein av grunnane for at fjoråret vart eit godt år. Ein annan grunn er dei stadige forbetringane me gjer og investeringar i tilsette og produkt. Det gjer at me er godt rusta i konkurransen med andre aktørar når det kjem tøffare tider.

**Det nye opptaksanlegget for laks** her i Øklandsvågen er eit høgaktuelt eksempel på at me investerer for framtida. Det vil sikra forbrukarane så fersk og smaksrik laks som det er mogleg å få til. Me har store forventningar til det nye opptaksanlegget, som er det første i sitt slag i verden.

**Synergieffektane** av det å driva ei stor lokal verksemd er ikkje alltid like lett å måla. Men me veit at vår bedrift bidrar til vesentleg verdiskaping for mange aktørar i dei kommunane me er representerte. Det synes me er svært kjekt. Me er bevisste på å nytta lokale leverandørar og norskproduserte produkt så langt det let seg gjera. Positiv lokal utvikling gagnar alle, også utanfor næringslivet. Difor ynskjer me også å støtta opp om lokalt lagsarbeid og kulturliv.

**For å nå måla våre** må me heile tida vidareutvikla oss. Det startar allereie med rogna. Ved at me får på plass rogn som er meir motstandsdyktig, gjev direkte resultat på smolten, og igjen på laksen i vaksen storleik. Me har arbeidt hardt og målretta med fokus på biologien i sjøen, og på forebygging av lus og rømming dei siste åra. Det arbeidet fortset med full styrke i 2014.

**Laks er sunt.** Det veit dei fleste. Men det er ei utfordring å få den bodskapen ut i media når andre ting stel overskriftene. Gledeleg er det likevel å registrera at fleire enn nokon gong vel Salma eller våre andre kvalitetsprodukt. Det vitnar om kunnskapsrike kundar med god smak!

Olav Svendsen jr.
Administrerande direktør



# Frå start til mål




## Rogn

Rogn frå Salmo Breed-stamma har spesielt gode eigenskapar og bygger på målretta avlsarbeid. Stamfiskanlegga som leverer rogna er sertifisert etter GlobalGAP-standarden.

## Settefisk

Me har tre settefiskanlegg som produserer smolt. Me vektlegg å ha smolt av høg kvalitet, og har difor bygd ut settefiskanlegga slik at dei held ein god moderne standard.

## Vekst i eit sunt miljø

Laksesmolten på om lag 100 gram vert sett ut i sjøen der han veks fram til han kan haustast. Alle lokalitetane våre har gode straumtilhøve og reint friskt vatn. Me sikrar oss at laksen trivst med å ha ekstra store nøter slik at dei får god plass i merdane.

## Hausting

Laks på om lag fem kilo vert transportert levande frå dei ulike oppdrettsanlegga. Me har eit særs moderne slakterianlegg ved Bremnes Fryseri noko som gir kvalitet i verdsklasse på våre produkt. Kapasiteten er stor og i 2013 pakka slakteriet om lag 40.000 tonn laks.

## Foredling

Me søker alltid å få det beste ut av dei gode råvarene me har. Sidan 2009 har me i vår topp moderne foredlingsfabrikk foredla blant anna marknadens kvalitetsleiande produkt nemleg SALMA-laksen.

## Distribusjon

Gjennom selskapa Salmon brands og Ocean Quality sender me laks rundt i heile verda. Reiser du til Tokyo, Sydney, Chicago, Paris eller Bangkok så kan du oppleve å få smake laks frå Bremnes Fryseri.



# Lakseliv

Mellom holmar og skjer vest for Bømlo er det stor matproduksjon i den blå åkeren. Hanne Grytdal og Alfred Økland praktiserer kunnskapen som gir god fiskevelferd og den beste avlinga. Bli med dei på båttur i vill vestlandsnatur!

– Det er hektisk, krevjande og gøy når me held på.

**HANNE GRYTDAL**



09.07

Alfred set båten i gir. Baugen reiser seg og «Kari» skyt fart ut frå Øklandsvågen og bortover vassflata. Alfred lener seg framover. Justerer gasshendelen slik at båten marsjar på 20 knop. Kursen er sett mot fiskeanlegget vest for Bømlo, der brottsjøane blir knuste mot dei små holmane.

– Dette er ein jobb for dei som er sjølvstendige og likar litt røffe forhold, ropar Hanne i baugen.

Ho er til dagleg anleggsansvarleg ved oppdrettsanlegget på Talgje i Ryfylke.

– Eg kallar anlegget «mitt» i Rogaland for Langholmen Panorama. For det er så fint der.

Men no er ho altså saman på oppdrag med Alfred utanfor Øklandsvågen. Dei skal sjekka nøter, og sjå til at fôringa går som ho skal. Han legg skutesida inn mot merden. Ein liten tøtsj på baug-thrusteren og båten ligg heilt i ro. Hanne hoppar bort på gangvegen som går rundt merden. Rutinert fortøyer ho båten i løpet av ein augneblink.

– Det er 72 000 m³ i ei slik not. Me er sjølvsagt svært nøye med at den til ei kvar tid er 100 %, fortel Alfred.

I dag er dei to på oppdrag. Men om nota skulle vore skifta så måtte dei hatt mange fleire kolleager med.

– Me er gjerne 10 kollegaer og nyttar 3–4 båtar ved eit notskift. Me klarar to notskift på ein dag, fortel Alfred.

– Noko av det kjekkaste eg gjer er å arbeida med notskift. Det er hektisk, krevjande og gøy når me held på, legg Hanne til, medan ho sjekkar at nota på anlegget er som den skal vera.

Alt ser ut til å vera i orden. Snart er dei attende i båten. No er det Alfred som tek fortøyingane. >



Alfred og Hanne er svært nøye når nøtene skal sjekkast. Det sikrar anlegget mot lakserømming.

Hanne manøvrerer båten med retning föringsflåten på naboanlegget. Vinden tek tak i håret og smilet kjem fram.

– Det er ein veldig kjekk jobb dette!

Motvinden stikk nesten av med orda. Hanne gir gass. «Kari» pløyer bølgjene elegant. Det er ikkje tvil om at dette er ein jobb der ein kjem i tett kontakt med naturkreftene. Ein får jobba med hendene, og ein får kjøra båt i fantastisk natur. Det er fysisk arbeid og action i same pakke. Og mykje meir.

– Her ser du korleis fisken eigentleg har det i merdane.

Hanne peikar og forklarar. Borte er flytedress og støvlar. Ho sit i eit varmt kontrollrom på flåten. Her er kjøkenkrok, sofasittegruppe og ei rekke dataskjermar.

– Det er utruleg viktig at fisken har det bra heile tida. Her har me skjermar for ulike anlegg og kan overvaka og ha kontroll på anlegget 24 timar i døgeret, fortel Hanne engasjert.

Alfred skjenker i ein kopp med kaffi, medan Hanne studerer «live»- bileta nede i merden.

– Her kjem det fram kor god plass fisken eigentleg har det i våre anlegg. Hos oss er det ca. 1% laks og 99 % reint sjøvatn, fortel Alfred.

Alt ser alt til å væra i orden både over og under vassflata. Så er det på an igjen med flytedressane. Oppdraget er utført!



Det jobbar **273** **gladlaksar** hos oss

11.52



Med overvakingskamera over merdar og anlegg har Hanne full kontroll på anlegget. Herifrå kan ho og styra föringa.

# Ringverknadar

I følgje ein fersk rapport gjennomført av NHO, bidreg Bremes Fryseri med 1270 mill kr  verdiskaping til norsk økonomi. Mykje av verdiane vert lagt igjen lokalt.






# Leverandøren som etablerte seg lokalt

Nesseplast i Balestrand har vore ein trufast leverandør for Bremnes Fryseri sidan 1970-talet. I 2003 etablerte dei fabrikk for fiskekassar på Bømlo. I fylgje dagleg leiar, Erling Nesse, var Bremnes Fryseri ei medverkande årsak til etableringa.

**- Kan du hugsa korleis den første kontakten oppsto?**
- Den gongen var det få produsentar av isopor-emballasje, og Nesseplast var den næraste. Nesseplast hadde også i starten eineretten til den første 20 kg-kassen som vart laga.

**- Kva produkt leverte de til Bremnes Fryseri den gongen, og kva leverer de i dag?**
- I starten leverte me berre ein kassestør-relse. I dag leverer me 4-5 ulike typar kassar for fersk laks.

**- Var leveringa av produkt til Bremnes Fryseri ei av årsakene til at de starta fabrikk på Bømlo i 2003?**
- Ja, me starta produksjon på Bømlo for å komme nærare deler av marknaden, og Bremnes Fryseri oppfordra oss til å starte ein lokal fabrikk. Med Bremnes Fryseri som samarbeidspartner og kunde var det enklare for oss å etablere oss på Bømlo, sidan me då hadde ein stor kunde allereie frå starten.

**- Bremnes Fryseri nyttar Nesseplast som lokal leverandør. Er de også opptekne av å nytte lokale leverandørar av produkt og tenester ved fabrikken på Bømlo?**
- Ja, Nesseplast har som prinsipp å primært leige ytingar lokalt til dei oppdraga vi ikkje sjølve har kapasitet til.

**- Kvifor er det viktig at de ligg geografisk nær Bremnes Fryseri?**
- Det er svært viktig for oss at me er "tett på kvarandre" i ein turbulent marknad med kort responstid. Det er ein klar styrke for begge verksemdene!



# Ei viktig bedrift for Bømlo

## - Bremnes Fryseri er ein verdsatt aktør som har utnytta moglegheitene og lykkast. Dei imponerer meg og set Bømlo på kartet på ein flott måte!

Den klare talen kjem frå Bømlo-ordførar Odd-Harald Hovland (AP). Han har over mange år merka seg korleis bedrifta gradvis har utvikla seg og i dag er ein svært ettertrakta kvalitetsleverandør i havbruksnæringa.

- Eg synes Bremnes Fryseri har vore ein glimrande eksponent for næringa. Dei har tenkt produktutvikling og foredling i kombinasjon med oppdrett. Ei satsing bygd stein på stein. No er dei verdsleiande med merkevara Salma. Når eg er på reis i Noreg eller i utlandet så kjenner alle til Salma. Det er ei solid merkevare, slår ordføraren fast.

**Genererer nye arbeidsplassar**

Det er tydeleg at han er stolt av å ha ei bedrift med merkevarer som styrker identiteten til innbyggarane. Han er og glad for at Bremnes Fryseri utviklar seg lokalt og nyttar lokale leverandørar så langt som mogleg.

- Eg veit at dei mange arbeidsplassane ved bedrifta gjer ringverknader i lokalsamfunnet, og genererer eit betydeleg tal arbeidsplassar hjå underleverandørar. Det er svært viktig for det lokale næringslivet, og det er viktig for kommunen både med tanke på sysselsetting og skatteinntekter. At me har ei bedrift som Bremnes Fryseri med lokal kapital og eigarskap er ein klar styrke.

**Viktig å legga til rette**

Ordføraren legg heller ikkje skjul på det er enklare å argumentera til styresmaktene om rammevilkåra for næringa, når ein kan visa til seriøse aktørar som Bremnes Fryseri. Dette gjeld både dei forvaltningsmessige rammevilkåra og behovet for ein god infrastruktur for å få produkta ut på marknaden på kort tid.

- For oss i kommunen er det viktig å få formidla til myndigheitene kva behov verksemdene og innbyggarane her har. Lokalt er det viktig at me legg til rette for gode lokalitetar. Næringa må væra bærekraftig, og det må væra mogleg å drive på ein god måte. Der me kan påverka grunnlaget for rammevilkåra gjer me det, avsluttar Hovland.




- Eg veit at dei mange arbeidsplassane ved bedrifta genererer eit betydeleg tal arbeidsplassar hjå underleverandørar.

**ODD-HARALD HOVLAND, ORDFØRAR BØMLO KOMMUNE**

Me har settefisk- og matfiskkonsesjonar i Rogaland og Hordaland.

**3** SETTEFISK

**21** MATFISK-KONSESJONAR






- MATFISK
- SETTEFISK
- PAKKERI/FOREDLING/ADM.

BØMLO
SVEIO
KVINNHERAD
JONDAL
VINDAFJORD
FINNØY
STRAND
SANDNES
FUSA





# Dette er Bremnes Fryseri

**BREMNES FRYSERI AS**
Morselskap i konsern, eigedom og aksjar

**BREMNES SEASHORE AS** (100 %)
Smolt, matfisk, pakking og foredling

**SALMON BRANDS AS** (100 %)
Marknadsføring og sal av SALMA produkt

**KALD FISK AS** (100 %)
FoU selskap

**SØLVFISK AS** (100 %)
Konsesjon smoltproduksjon

**OCEAN QUALITY AS** (40 %)
Sal og distribusjon av heilfisk og foredla laks

**SÆVAREID FISKEANLEGG AS** (16,67 %)
Produksjon av smolt

# Våre viktigaste ressursar

BREMNES SEASHORE AS pr 31.12.2013:

**Settefisk Gjeravåg**
Berentzen Elin Solheim
Pedersen Aksel R.
Robberstad Inge

**Settefisk Trovåg**
Haraldseid Øyvind Jakob
Haakull Anne Brith Skogen
Larsen Marijann Belt
Svendsbøe Torunn
Ånestad Jorunn

**Settefisk Skålevik**
Hellen Dag Helge
Hellen Gunn Agnes
Sørvik Ole

**Oppdrett Rogaland**
Alsvik Stig Arvid
Eike Jostein
Grytdal Hanne
Husebø Stian
Johannessen Klaus Andreas
Karlson Dan Viste
Knudsen Glenn Egil
Langvik Jarle
Næss Ane Johanne
Reinhaug Øystein
Romaniszyn Robert
Sitter Tom Bjarne V.
Steine Lars Vegar
Steinsvik Trond
Svabø Eirik
Wigdahl Henriette
Wågen Camilla
Wåland Mikael

**Oppdrett Hordaland Vest**
Bø Kjetil Lavik
Eriksen Ole Petter
Ersland Idar
Farestveit Tore
Hollund Kristian
Hope Bernhard S.
Kvarven Frode
Notland Asgeir
Piscopo Terje Antonio
Røsvik Henrik Hallaråker
Sett Yvonne
Steinsbø Lars Erik
Stokkenes Hans Marius
Sæverud Eivind
Søvold Geir Olav
Vik Anders Eidet
Økland Alfred
Økland Nils Ragnar
Økland Sigve
Økland Vidar
Økland Vidar F.

**Oppdrett Hordaland Øst**
Adi Dror
Bruun Jørn-Rune
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Hellen Lise
Hesvik Øyvind
Jensen Håkon
Kaldefoss Simen
Lundal Vidar
Selsvik Dag-Kjetil
Sæverud Oddvar
Toen Jarle Jensen
Aasheim Dag Eirik

**Servicebåt**
Hollund Alexander
Natterøy Thomas
Rossebø Svein Olav

**Pakkeri**
Andriuskaite Sandra
Biriukov Roman
Borlaug Sandra C. U.
Bråthen Sigurd Hus
Dzenceviciene Renata
Dzencevicius Deividas
Glørstad Vidar
Griskoniene Gitana
Griskonis Vaidotas
Halvorsen Constanse
Jukna Simonas
Jukniene Lina
Kanarskas Raimondas
Kazlauskas Kazimieras
Kazlauske Monika
Keawkunya Nipaporn
Lapenas Rolandas
Lapinske Jolanta
Lapinskis Arunas
Lukosiunas Arvydas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas
Lurins Maris
Macijauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Merenkov Vladimir
Mironova Julija
Mitrulevicius Robertas
Myhre Bjørn Otto
Myren Reidar
Navikauskiene Edita
Novikovas Eugenijus
Piliunas Tomas
Pisano Roberto
Prochoroceva Viktorija
Prochorocevas Olegas
Rystad Anne Liv
Sediqi Sharif Mohammed
Sueaklang Kanokthip
Sulymin Naman Hamid Asse
Tubelyte Evelina
Vaitkevicius Tomas
Vedeksiene Lina
Voras Arunas
Zebraitis Dainius

**Foredling**
Abaksins Vladimirs
Aboalhaja Noralhq M
Abraham Dusan
Akbery Golam Heider A
Alagic Dobrila
Almedom Tzegesab
Askfelt Nellie Romas
Auzbikevicius Kestutis
Bjelland Randi
Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Bøe Margot
Daland Per Øyvind
Daukantas Justinas
Fylling Monica
Gecas Karolis
Geitung Irene J
Gjøsæter Bodil Karin
Gumbinas Tomas
Habbestad Ragna Iversen
Habbestad Rita H B
Haidary Abdul Ahad
Hallin Glenn Alexander
Helgaland Kristine V.
Hidle Lina
Hovland Annlaug Regine
Husevik Marianne
Håkonsen Sissel
Håvik Sven Kristian
Innvær Sissel Elin Grønås
Jarl Alexandra Maria
Johnsen Leif Otto
Johnsen Marit
Kanarskiene Egle
Katla Johne
Krinicyn Aleksandr
Kupcovs Janis
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne
Le Huynh Hoa Thi
Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Linkeviciene Diana
Linkevicius Romas
Meling Odin Sagvåg
Mosavi Ali
Najokatiene Giedre
Naseri Ali
Naujokaitis Evaldas
Navikauskiene Mintara
Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Novade Sana
Olsen Anette
Pacevicius Vytautas
Panchenko Germans
Pelaityte Dovile
Petraitis Mantas
Pleskus Marius
Preidyte Justina
Priveda Juras
Ramanauskas Ramunas
Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Mohammad Nasim
Rukkusol Pattarapan
Sakinis Arturas
Salanova Leticia Segura
Salih Bootan Mustafa
Sandvik Mona Karin
Santana Thomas Økland
Schultz Nora
Seinauskaite Milda
Simonaviciene Ausra
Sortland Martin
Stokkenes Vidar
Sæverud Magda
Sørvik Vibece
Tamosaitis Ernestas
Tverborgvik Inga Marie Meling
Uogintaite Anastasija
Valciukas Arunas
Valciukienè Audronè
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Vedeksyte Jolita
Vilbutas Gintaras
Vold Kåre Jan
Wang Lina
Ynnesdal Gro Anita
Ytrøy Solfrid
Zekic Mersija
Žiulpys Remigijus

**Transport**
Barqawi Ahmad Sharif M
Boncuks Aleksandrs
Butkus Saulius
Durecek Marcel
Endziulis Eimantas
Fosse Stian
Jasinavicius Mantas
Lutro Jon Kjetil
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Nakutis Nerijus
Navikauskas Aistis
Salih Jihad
Sortland Bjarne

**Administrasjon**
Aga Turid Birgitte
Alvsvåg Silje Kathrine
Bråthen Anne Meling
Eide Einar
Helgesen Ernst Olav
Helvik Vidar
Hoksrud Trine Lise O
Husa Arvid
Innvær Kim
Kippersund Bjørn Roar
Knarvik Bernhard
Knarvik Torild
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Meling Astrid Sørensen
Meling Kristin Mæland
Nerbøvik Ida-Kathrin Gjerstad
Sortland Bodhild Hope
Steinsland Synnøve
Svendsen Olav O.
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Terje
Økland Simon Nesse

**Kantine**
Djuvik Aud
Hamre Anette
Hjellbakke Anita
Mæland Dagne Rannveig
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Hiep Ngoc
Rumjanceva Anna
Sæverud Reidun

**Teknisk**
Folgerø-Holm Melankton L
Grindheim Joachim Grønås
Gåsland Benedikte
Habbestad Odd Kristian
Hopland Peder
Kloven Stine
Mathiassen Kjell Gunnar
Nilsen Trond Vestvik
Rolfsnes Olaf
Sørvik Bjørn Ketil
Undheim Stein Arne
Økland Audun
Ådnanes Geir Ivar

**Salmon Brands Norge**
Gundersen Trym Eidem
Jenssen Kristin
Lervik-Mørck Bjarne
Løkka Line
Monsen Christine Okkenhaug
Nilsen Sølvi Janne
Ribe Kjetil
Saxebøl Inger
Selebø Brit Randi
Ørnehaug Anna
Henden Marit
Sandum Anne Gro
Jølstadengen Stian
Olsen Steve
Manseth Even
Fjæra Svein Olav
Opedal Heidrun
Kalvenes Ellen M
Rosland Anja Skretting
Schrøder Berit Solveig
Baliqi Alush

**Salmon Brands Frankrike**
Gentil Romain
Hanssen Trude
Lyngås Patuano Liv Sonja
Masia Kristel
Savigner-Boutruche Mathieu

**Salmon Brands Sverige**
Gref Johan
Gyllenhammer Peter
Högberg Stefan
Wolnik Karolina

# Styret si årsmelding

## Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernets verksemd har hovudkontor i Bømlo kommune med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta matfisk.

## Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnåde i 2013 eit resultat før skatt på 165,8 millionar mot 55,3 millionar i 2012. Bremnes Fryseri AS sitt årsresultat vart 160,6 millionar mot 58,0 millionar året før. Verksemda har motteke 158,8 millionar i konsernbidrag som inngår i selskapsrekneskapen.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 9,7 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -98,3 millionar for selskapet, og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 88,5 millionar.

Konsernet har og i 2013 hatt ein auke i omsetningen. Auka aktivitet og ikkje minst auka lakseprisar i 2013 har bidrege til ein auke i omsetning på over 40%. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivingar (EBITDA) vart 361,4 millionar mot tilsvarande 128,2 millionar året før. Konsernet oppnåde i 2013 eit driftsresultat på 278,3 millionar mot 55,3 millionar i 2012 og eit årsresultat på 193,8 millionar mot 33,2 millionar i 2012. Konsernet har hatt auke i aktiviteten innan viktige forretningsområde som produksjon av laks i sjø og produksjon av høgforedla lakseprodukt. Biologisk har det vore ei utfordring med for høg produksjonskost i regionar der ein manglar samkjøring av soner og felles





Lokalt eigarskap, stort engasjement. Bremnes Fryseri er stolt av opphavet sitt og vil fortsette vera ein aktiv bidragsytar i lokalsamfunnet.

brakklegging. God produksjonsoppfølging og auka kapasitet har likevel bidrege til auka produkjsonsvolum og konsernet passerte i 2013 ein produksjon i sjø på 30 000 tonn.

Konsernet sine netto finanspostar i 2013 utgjer -15,0 millionar mot -11,1 millionar i 2012. Resultat før skatt vart 263,3 millionar mot 44,2 millionar året før.

I 2013 var netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 84,1 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -184,1 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar utgjer for konsernet 111,4 millionar.

Styret meinar at års- og konsernregnskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

## Tilsette

Ved slutten av året er det 273 tilsette i verksemda fordelt på 118 kvinner og 155 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Uavhengig av ønskja om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningsystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande.

Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

## Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å trygga likestilling, sikra like muligheiter og rettigheiter og å hindra diskriminering. Konsernet arbeidar aktivt, målretta og plan messig for å sikra lovens formål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere og beskyttelse mot trakassering.

Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeidar aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mulig.

## Helse, miljø og sikkerhet

Konsernet har verneombod i alle avdelingar og eige arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet har halde 4 møte i 2013. Ein har kartlagt arbeidsmiljøet i alle produksjonsavdelingar og foretar tiltak i forhold til resultat av undersøkinga. Konsernet har IA avtale og dekker språkundervisning for framandspråklege tilsette. Konsernet er knyta til bedriftshelsetenesta i nærområde til avdelingane for å betra lokal oppfølging. Ei grundig risikoevaluering er gjennomført i alle avdelingar i konsernet.

Operativ verksemd har høgt fokus på tryggleik på sjø. Ein har





Kartlegging av arbeidsmiljøet er naudsynt for stadig å forbetre seg i arbeidet med HMS. Me har gjennomført kartlegging og risikovurdering i alle avdelingar i 2013.

investert mykje i nytt, sikrare arbeidsutstyr og har i samarbeid med dei tilsette hatt ei gjennomgang av klede og personleg verneutstyr.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråveret i selskapet var 6,2 % i 2013. H-verdi i 2013 vart 25,9 mot 29,9 året før.

## Ytre miljø

Oppdrettsaktiviteten har i 2013 ikkje hatt rømming av fisk. Me har fokusert på best mogleg integrering av oppdrettsanlegga i lokalmiljøet og gjennomført fleire tiltak for å redusera påverknad av nærområdet i form av støy og lys. Verksemda overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan større fotavtrykk på miljøet.

Det er kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er og returordning for plast og eiga ordning for spesialavfall.

## Selskapets FoU aktivitet

I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet i slakte og foredlingsprosessen, samt utvikling av nye foredla kvalitetsprodukt. Selskapets FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskningsmiljø.

## Marknadstilhøve/utsikter framover

Etterspurnaden etter sunn, trygg og god mat er sterk og marknaden har tatt unna den auka produksjonen som har vore frå 2011 til i dag. Marknaden for fersk atlantisk laks auka betydeleg i 2012 som fylgje av låge lakseprisar og situasjonen i dag er ein etterspurnad langt over det ein klarar å produsera.

Selskapet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta effektiv drift av matfiskverksemda. Det er og gjennomført ein betydeleg investering i nytt bygg og utstyr til foredling av laks. Det vert satsa vidare på investeringar som skal sikra kapasitet til auka opptak av fisk og trygga den gode kvaliteten til pakkemerke H-82. I tillegg er det investert betydeleg i målretta marknadsarbeid som har bidrege til betydeleg vekst i sal av høgforedla kvalitetsprodukt

Med bakgrunn i ovanståande vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

## Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS

Bremnes Fryseri AS hadde i år 2013 eit års-/konsernresultat på 160,5/193,8 millionar mot eit samanlikna års-/konsernresultat på 58,0/33,0 millionar året før. Den frie eigenkapitalen var pr. 31.12.13 på 320,5 millionar for selskapet.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for 2013 på kr 160 577 558,- :

**Avsatt til annan eigenkapital: kr 160 577 558,-**



Øyvind Fossøy

Olav Svendsen jr.

Laila Knarvik

Eivind Sæverud

# Resultatrekneskap

| Mor – 01.01 - 31.12 | | | | | Konsern – 01.01 - 31.12 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 2012 | Note* | | Note* | 2013 | 2012 |
| 16 568 118 | 16 825 973 | 2 | Salsinntekter | 2 | 1 496 084 919 | 1 130 734 170 |
| 0 | 0 | | Andre driftsinntekter | | 7 566 891 | 1 797 328 |
| **16 568 118** | **16 825 973** | | **Sum inntekter** | | **1 503 651 809** | **1 132 531 498** |
| 0 | 0 | | Behaldningsendring varer | 4 | -38 716 932 | -44 302 832 |
| 0 | 0 | | Varekostnader | | 844 470 250 | 769 931 515 |
| 20 544 | 390 004 | 6 | Lønnskostnader | 6 | 165 014 677 | 142 968 582 |
| 8 561 757 | 8 330 163 | 12 | Ordinære avskrivingar | 12,13 | 83 112 180 | 68 428 726 |
| 0 | 0 | | Nedskr. av varige driftsm. og immat. eiged. | 13 | 0 | 4 500 000 |
| 3 931 399 | 3 575 455 | 6,9 | Andre driftskostnader | 6,9 | 171 496 367 | 135 731 943 |
| **4 054 419** | **4 530 351** | | **Driftsresultat** | | **278 275 267** | **55 273 563** |
| 0 | 0 | | Inntekt frå investering i tilknytta selskap | 7 | 10 676 930 | 9 412 248 |
| 157 833 000 | 60 000 000 | 7 | Konsernbidrag frå datterselskap | | 0 | 0 |
| 254 536 | 239 709 | | Renteinntekt frå føretak i same konsern | | 0 | 0 |
| 0 | 0 | | Andre renteinntekter | | 582 683 | 470 123 |
| 17 800 488 | 955 838 | | Andre finansinntekter | | 5 947 871 | 4 813 789 |
| 0 | 4 425 640 | 8 | Verdiauke finansielle anleggsmiddel | | 0 | 4 425 640 |
| 14 116 347 | 14 891 185 | | Andre rentekostnader | | 27 142 851 | 25 650 550 |
| 0 | 0 | | Andre finanskostnader | | 5 008 223 | 4 592 313 |
| **165 826 097** | **55 260 353** | | **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **263 331 677** | **44 152 501** |
| 5 248 539 | -2 709 984 | 10 | Skattekostnad på ordinært resultat | 10 | 69 523 917 | 10 912 534 |
| **160 577 558** | **57 970 337** | | **Ordinært resultat** | | **193 807 760** | **33 239 967** |
| | | | **Bruk av årsresultatet** | | | |
| 160 577 558 | 57 970 337 | 11 | Avsatt til anna eigenkapital | | 0 | 0 |
| 0 | 0 | | Majoriteten sin del | 11 | 193 807 760 | 33 239 967 |
| **160 577 558** | **57 970 337** | | **Sum bruk** | | **193 807 760** | **33 239 967** |

*Noter
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **www.seashore.no**



# Nøkkeltal

i 1 000 NOK

| | **2013** | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 1 503 652 | 1 132 531 | 996 729 | 906 242 | 650 014 |
| Driftsresultat | 278 275 | 55 274 | 33 636 | 202 896 | 72 089 |
| EBITDA | 361 387 | 128 205 | 83 377 | 246 495 | 111 222 |
| Resultat før skatt | 263 332 | 44 153 | 11 068 | 184 725 | 82 282 |
| Sum eigendeler | 1 481 375 | 1 350 406 | 1 122 487 | 1 027 936 | 918 934 |
| Sum eigenkapital | 642 064 | 460 256 | 346 479 | 379 789 | 254 495 |
| Netto renteberande gjeld | 440 787 | 646 234 | 550 650 | 461 136 | 500 291 |
| Eigenkapitalprosent | 43,3 | 34,1 % | 30,9 % | 36,9 % | 27,7 % |
| Bokført verdi pr. konsesjon | 6553 | 6 557 | 5 387 | 5 372 | 5 144 |




**Eigenkapital-prosent**
43,3%

**Vekst**
**32,7%**

**Overskotsgrad**
19,4%

# Balanse

| Mor – 01.01 - 31.12 2013 | 2012 | Note* | | Note* | Konsern – 01.01 - 31.12 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **EIGEDELAR** | | | |
| | | | ***Anleggsmidler*** | | | |
| | | | *Immaterielle eigedelar* | | | |
| 0 | 0 | | Forsking og utvikling | 5,13 | 262 182 | 638 000 |
| 0 | 0 | | Konsesj., patent, lisensar, varemrk. o.l rettigh. | 5,13 | 137 615 337 | 137 691 706 |
| 1 471 368 | 6 215 078 | 10 | Utsatt skattefordel | 10 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | | Goodwill | 13 | 151 022 151 | 170 964 671 |
| **1 471 368** | **6 215 078** | | **Sum immaterielle eigedelar** | | **288 899 670** | **309 294 377** |
| | | | *Varige driftsmiddel* | | | |
| 113 803 164 | 102 044 834 | 5,12 | Tomtar, bygg og annan fast eigedom | 5,12 | 130 102 491 | 115 806 422 |
| 13 574 535 | 15 780 071 | 5,12 | Maskinar og anlegg | 5,12 | 353 323 715 | 339 524 215 |
| 0 | 0 | | Transportmiddel | 12 | 1 025 063 | 651 128 |
| 0 | 0 | | Driftslausøyre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l | 12 | 5 372 723 | 2 132 651 |
| **127 377 699** | **117 824 904** | | **Sum varige driftsmiddel** | | **489 823 992** | **458 114 416** |
| | | | *Finansielle anleggsmiddel* | | | |
| 279 190 719 | 277 894 719 | 5,7 | Investeringar i datterselskap | | 0 | 0 |
| 15 985 919 | 16 372 715 | 3,14 | Lån til føretak i same konsern | | 0 | 0 |
| 4 000 000 | 4 000 000 | 7 | Investeringar i tilknytt selskap | 7 | 14 000 685 | 17 240 000 |
| 10 151 200 | 16 928 840 | 8 | Investeringar i aksjar og andelar | 8 | 12 179 790 | 18 955 122 |
| 0 | 0 | | Langsiktige fordringar | 3 | 4 677 303 | 1 526 458 |
| **309 327 838** | **315 196 274** | | **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **30 857 778** | **37 721 580** |
| **438 176 905** | **439 236 256** | | **Sum anleggsmiddel** | | **809 581 439** | **805 130 373** |
| | | | ***Omløpsmiddel*** | | | |
| | | | *Varer* | | | |
| 0 | 0 | | Råvarer | 4,5 | 18 120 772 | 20 858 907 |
| 0 | 0 | | Fisk i sjø | 4,5 | 428 693 111 | 417 789 962 |
| 0 | 0 | | Ferdig eigentilverka varer | 4,5 | 4 751 494 | 9 957 720 |
| **0** | **0** | | **Sum varer** | | **451 565 377** | **448 606 589** |
| | | | *Fordringar* | | | |
| 0 | 51 350 | | Kundefordringar | 5 | 158 086 898 | 64 027 318 |
| 165 983 986 | 65 214 656 | 3,14 | Andre fordringar | 3 | 17 862 572 | 11 868 044 |
| **165 983 986** | **65 266 006** | | **Sum fordringar** | | **175 949 471** | **75 895 363** |
| 35 092 | 51 087 | | Bankinnskot, kontantar og liknande | | 44 278 407 | 20 773 757 |
| **166 019 078** | **65 317 093** | | **Sum omløpsmiddel** | | **671 793 255** | **545 275 708** |
| **604 195 983** | **504 553 349** | | **Sum eigedelar** | | **1 481 374 695** | **1 350 406 082** |

*Noter
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **www.seashore.no**



| Mor – 01.01 - 31.12 2013 | 2012 | Note* | | Note* | Konsern – 01.01 - 31.12 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| | | | ***Eigenkapital*** | | | |
| | | | *Innskoten eigenkapital* | | | |
| 6 100 000 | 6 100 000 | 11 | Aksjekapital | 11 | 6 100 000 | 6 100 000 |
| 29 031 512 | 29 031 512 | 11 | Overkursfond | 11 | 26 058 525 | 26 058 525 |
| 14 632 629 | 14 632 629 | 11 | Innskoten annan eigenkapital | 11 | 0 | 0 |
| **49 764 141** | **49 764 141** | | **Sum innskoten eigenkapital** | | **32 158 525** | **32 158 525** |
| | | | *Opptent eigenkapital* | | | |
| 210 294 726 | 61 717 168 | 11 | Annan eigenkapital | 11 | 609 905 633 | 428 097 874 |
| 0 | 0 | 11 | Minoritetsinteresser | 11 | 0 | 0 |
| **210 294 726** | **61 717 168** | | **Sum opptent eigenkapital** | | **609 905 633** | **428 097 874** |
| **260 058 867** | **111 481 308** | | **Sum eigenkapital** | | **642 064 158** | **460 256 398** |
| | | | ***Gjeld*** | | | |
| | | | *Avsetning for forpliktingar* | | | |
| 0 | 0 | 6 | Pensjonsforpliktingar | 6 | 4 297 563 | 4 279 527 |
| 0 | 0 | 10 | Utsett skatt | 10 | 130 309 776 | 123 328 459 |
| **0** | **0** | | **Sum avsetning for forpliktingar** | | **134 607 339** | **127 607 986** |
| | | | *Anna langsiktig gjeld* | | | |
| 204 938 663 | 253 246 603 | 5 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 5 | 474 783 497 | 551 554 773 |
| **204 938 663** | **253 246 603** | | **Sum anna langsiktig gjeld** | | **474 783 497** | **551 554 773** |
| | | | *Kortsiktig gjeld* | | | |
| 129 947 773 | 84 573 785 | 5,14 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 5,15 | 10 282 136 | 115 453 522 |
| 6 752 544 | 1 710 129 | | Leverandørgjeld | | 89 606 424 | 66 532 793 |
| 829 | 0 | 10 | Betalbar skatt | 10 | 62 542 600 | 329 451 |
| 107 644 | 175 067 | | Skyldige offentlege avgifter | | 11 876 131 | 10 578 291 |
| 2 389 664 | 53 366 457 | 14 | Anna kortsiktig gjeld | 14 | 55 612 410 | 18 092 867 |
| **139 198 454** | **139 825 439** | | **Sum kortsiktig gjeld** | | **229 919 701** | **210 986 924** |
| **344 137 117** | **393 072 042** | | **Sum gjeld** | | **839 310 537** | **890 149 683** |
| **604 195 983** | **504 553 349** | | **Sum eigenkapital og gjeld** | | **1 481 374 695** | **1 350 406 082** |

Bremnes,
19. mars 2014

Øyvind Fossøy

Olav Svendsen jr.

Laila Knarvik

Eivind Sæverud

*Noter
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **www.seashore.no**

# Kontantstraumoppstilling

| Mor – 01.01 - 31.12 | | | Konsern – 01.01 - 31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| 2013 | 2012 | | 2013 | 2012 |
| | | ***Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar*** | | |
| 165 826 097 | 55 260 353 | Resultat før skattekostnad | 263 331 677 | 44 152 501 |
| 0 | 1 043 | Betalt skatt i perioden | -329 451 | -5 055 383 |
| -4 522 986 | 0 | Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel | -4 593 491 | 12 000 |
| 8 561 757 | 8 330 163 | Ordinære avskrivingar | 83 112 180 | 68 428 726 |
| 0 | 0 | Nedskriving anleggsmiddel | 0 | 4 500 000 |
| 51 350 | -51 350 | Endring i varelager og kundefordringar | -97 018 368 | -26 072 877 |
| 5 042 415 | 752 876 | Endring leverandørgjeld | 23 073 631 | 2 484 871 |
| 0 | 0 | Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar | 18 036 | 125 939 |
| 0 | 0 | Resultat v/bruk av eigenkapital- og bruttometode | 0 | 0 |
| 0 | -4 425 640 | Effekt av verdiendring marknadsbaserte aksjar | 0 | -4 425 640 |
| -157 833 000 | -60 000 000 | Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar | 3 239 315 | -1 144 186 |
| -66 349 352 | 9 872 471 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | 16 688 274 | 1 049 393 |
| **-49 223 719** | **9 739 916** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **287 521 804** | **84 055 344** |
| | | ***Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar*** | | |
| 500 000 | 0 | Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel | 1 234 000 | 150 000 |
| -19 140 451 | -2 316 231 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel | -96 116 444 | -57 279 280 |
| 11 826 526 | 0 | Innbetalingar ved sal av aksjar/andelar i andre føretak | 12 066 658 | 0 |
| -1 296 000 | -96 304 458 | Utbetalingar ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak | -10 308 | -127 275 458 |
| 12 751 602 | 350 000 | Mottatt utbytte | 12 751 602 | 350 000 |
| **4 141 677** | **-98 270 689** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-70 074 492** | **-184 054 738** |
| | | ***Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar*** | | |
| -48 307 940 | 87 449 874 | Netto endring langsiktig gjeld til kredittinstitusjon | -76 771 276 | 76 697 475 |
| 45 373 988 | -6 543 120 | Netto endring kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon | -105 171 386 | 39 660 205 |
| 0 | 0 | Inn-/utbetalingar av eigenkapital | 0 | 0 |
| -12 000 000 | -5 000 000 | Utbetalingar av utbytte | -12 000 000 | -5 000 000 |
| 60 000 000 | 12 605 000 | Mottatt konsernbidrag | 0 | 0 |
| **45 066 048** | **88 511 754** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **-193 942 662** | **111 357 680** |
| 0 | 0 | Valutakursendringar, kontantar og kontantekvivalentar | 0 | 0 |
| **-15 995** | **-19 019** | **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **23 504 650** | **11 358 286** |
| 51 087 | 70 106 | Kontantar og kontantekvivalentar 01.01 | 20 773 757 | 9 415 471 |
| **35 092** | **51 087** | **Kontantar og kontantekvivalentar 31.12** | **44 278 407** | **20 773 757** |

*Noter
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **www.seashore.no**



# Notar

Års- og konsernrekneskapet for Bremnes Fryseri AS består av følgande deler:

- *Resultatrekneskap*
- *Balanse*
- *Kontantstraumanalyse*
- *Noter*

Års- og konsernrekneskapet, som er utarbeida av selskapet sitt styre og leiing, må lesast i samanheng med års- og revisjonsmeldinga. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunkt for rekneskapsavlegginga, tilseier god rekneskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogleg estimat for bruk i årsrekneskapet. Det kan framkomme avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Konsernrekneskapet inneheld konsolidert rekneskap for morselskapet Bremnes Fryseri AS, med dotterselskapa Bremnes Seashore AS, Salmon Brands AS, Kald Fisk AS og Sølvfisk AS. Dotterselskapa er eigd 100 %.

Salmon Brands AS blei eit heleigd dotterselskap i 2012. Salmon Brands AS er konsolidert inn i konsernrekneskapet med verknad frå 15.03.2012. Fransk dotterselskap av Salmon Brands, etablert i 2013 vert konsolidert inn i konsernrekneskapen i 2014.

Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapet er utarbeida etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapet følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Tilknytta selskap er eining der konsernet har betydeleg, men ikkje bestemmande innflyting, over den finansielle og operasjonelle styringa. Konsernrekneskapet inkluderar konsernets del av resultat frå tilknytta selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunkt betydeleg innflyting vert nådd og inntil slik innflyting sluttar.

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

## Note 1 Rekneskapsprinsipper

**Grunnleggende prinsipp - vurdering og klassifisering - Andre forhold**
Årsrekneskapet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstrømsoppstilling og noteopplysningar og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Noreg gjeldande pr. 31. desember.

Årsrekneskapet er basert på de grunnleggande prinsipp om historisk kost, samanlikning, fortsatt drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar blir rekneskapsført til verdi av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når dei er opptent og kostnad samanstilt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa blir utdjupa nedanfor.

Eigendeler/gjeld som knyttar seg til varekretslaupet og postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, er klassifisert som omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventa salskostnad. Anna eigendelar er klassifisert som anleggsmiddel. Vurdering av anleggsmiddel skjer til innkjøpskost. Anleggsmiddel som blir forringa, vert avskriven. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigåande, blir det tatt ei nedskriving av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp blir normalt lagt til grunn for gjeldsposter.

Det er i samsvar med god rekneskapsskikk nokre unnatak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unnataka er kommentert i dei respektive noter. Ved anvending av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, blir det lagt vekt på økonomiske realiteter, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare, blir kostnadsført.

## Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapsposter

### Inntektsføringstidspunkt
Inntekt blir resultatført når den er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar, bonusar og fakturerte fraktkostnader.

### Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling
Utgifter blir samanstilt med og kostnadsført samtidig med dei inntekter utgiftene kan knyttast til. Utgifter som ikkje kan knyttast direkte til inntekter, kostnadsføres når dei påløper.

### Varelager og varekostnad
Behaldningar av varer vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er innkjøpskost. Årets varekostnad består av kostpris selde varer med tillegg av nedskriving i samsvar med god rekneskapsskikk pr. årsslutt. Fisk i sjø er i rekneskapet vurdert til full tilverkingskost.

### Varige driftsmiddel
Varige driftsmiddel føres i balansen til innkjøpskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivingar. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette kjem av årsaker som ikkje vert sett som forbigåande, vert driftsmiddelet skreve ned til verkeleg verdi. Utgifter forbundet med normalt vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsført etter kvart. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmiddelet si levetid vesentleg, vert aktivert. Driftsmiddel som vert erstatta, blir kostnadsført. Eit driftsmiddel blir å ansjå som varig dersom det har ein økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over 15 000 kroner.

### Avskrivningar
Ordinære avskrivingar er berekna lineært over driftsmiddelet si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivingane er klassifisert som ordinære driftskostnader

### Immaterielle eigedelar
Konsesjonar i balansen representerer erverva konsesjonar gjennom oppkjøp. Det er ingen tidsavgrensing på konsesjonane. Ordinære avskrivingar på konsesjonar blir derfor ikkje gjennomført. Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemder utover verdien av øvrige eigedelar. Goodwill blir avskrive ut frå ein vurdering av levetid, maksimalt 10 år.

### Fordringar
Fordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventa tap.

### Utsatt skatt og skattekostnad
Utsatt skatt blir berekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved berekninga blir nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innanfor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad består av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret korrigert for feil i berekningar gjort tidligare år.

### Valutarisiko
Konsernet har liten direkte valutarisiko då tilnærma all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Endring i valutaforhold vil imidlertid ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt.

### Dotterselskap/tilknytte selskap
Dotterselskap og tilknytte selskap blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapet. Investeringane er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskriving har vore nødvendig. Det er tatt nedskriving til verkeleg verdi når verdifall kjem av årsaker som ikkje kan antas å vera forbigåande og det må reknast som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivingar er reversert når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Utbytte, konsernbidrag og andre utdelingar frå dotterselskap er inntektsført same år som det er satt av i gjevars rekneskap. Overstig utbyttet/konsernbidraget andel av opptent resultat etter innkjøpsstidspunktet, representerar den overskytande del tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er fråtrekt investeringa sin verdi i balansen til morselskapet.



## Note 2 Segmentinformasjon

**Mor** – 01.01-31.12 2013

| Verksemdsområde | Leigeinnt. m.v. | Elim | Totalt |
|---|---|---|---|
| Salsinntekter | 16 568 118 | 0 | 16 568 118 |

Bremnes Fryseri AS leiger ut sine eigedommar til dotterselskapet Bremnes Seashore AS. Eigedommane ligg i Bømlo Kommune.

**Konsern**

| Verksemdsområde | Heilfisk og foredla vare | Pakking og slakting | Leigeinnt. m.v | Elim | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Salsinntekter | 1 600 250 815 | 53 183 619 | 34 575 539 | -184 358 164 | 1 503 651 809 |

**Geografiske områder**
Bremnes Fryseri AS konsern har i hovudsak marknaden sin i Norge. Delar av salet går vidare til utlandet via filial eller eksportør.

## Note 3 Fordringar og obligasjonar

Balanseført verdi av fordringar med forfall seinare enn eitt år:

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| | 31.12.2013 | 31.12.2012 | 31.12.2013 | 31.12.2012 |
| Andre fordringar | 0 | 0 | 4 677 303 | 1 526 458 |
| Lån til føretak i same konsern | 15 985 919 | 16 372 715 | 0 | 0 |

## Note 4 Varer - Konsern

Per 31.12. er råvarer er vurdert til innkjøpskost. Varer under tilverking, som består av fisk i sjø og anlegg, er vurdert til full tilverkingskost.
Ferdigvarer er vurdert til lågaste av full tilverkingskost og netto salsverdi.

| | | Konsern | |
|---|---|---|---|
| Varer | 31.12.13 | 31.12.12 | Endring |
| Råvarer | 18 120 772 | 20 858 907 | -2 738 135 |
| Varer under tilverking | 428 693 111 | 417 789 962 | 10 903 149 |
| Ferdigvarer | 4 751 494 | 9 957 720 | -5 206 226 |
| **Varer** | **451 565 377** | **448 606 589** | **2 958 788** |

## Note 5 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| | 31.12.2013 | 31.12.2012 | 31.12.2013 | 31.12.2012 |
| *Gjeld til kredittinstitusjonar som forfell etter 5 år:* | 23 397 958 | 71 706 898 | 148 174 688 | 222 363 628 |
| *Gjeld som er sikra ved pant og lignande:* | | | | |
| Langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar | 204 938 663 | 253 246 603 | 474 783 497 | 551 554 773 |
| Øvrig sikra gjeld | 129 947 773 | 84 573 785 | 10 282 136 | 115 453 522 |
| *Balanseført verdi av eigedelar pantsatt for eigen gjeld:* | | | | |
| Konsesjonar | 0 | 0 | 137 615 337 | 135 845 308 |
| Fast eigedom | 113 803 164 | 102 044 834 | 130 102 491 | 115 806 422 |
| Maskiner og anlegg | 13 574 535 | 15 780 071 | 353 323 715 | 339 524 215 |
| Transportmidler, inventar ol. | 0 | 0 | 1 025 063 | 2 783 779 |
| Aksjar i dotterselskap | 279 190 719 | 277 894 719 | 0 | 0 |
| Varebeholdning | 0 | 0 | 451 565 377 | 448 606 589 |
| Kundefordringar | 0 | 0 | 158 086 898 | 64 027 318 |
| | **406 568 418** | **395 719 624** | **1 231 718 881** | **1 106 593 631** |
| Av langsiktig gjeld ovenfor inngår urealisert valutatap | 0 | 4 515 744 | 0 | 28 567 447 |
| *Garantiforpliktelser som ikkje er regnskapsført:* | | | | |
| Garanti for betaling av skattetrekk: | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 |
| Øvrige garantier | 700 000 | 200 000 | 4 400 000 | 3 900 000 |

Garanti for skattetrekk gjeld for selskapa Bremnes Fryseri AS og Bremnes Seashore AS. Garanti for skattetrekk dekker skyldig skattetrekk pr 31.12.13. Garanti for skattetrekk er i 2014 auka til MNOK 7.



## Note 6 Lønnskostnader / Talet på tilsette / Godtgjersler / Lån til tilsette / Pensjonar mm

| | Mor – 01.01 -31.12 | | Konsern – 01.01 -31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2012 | 2013 | 2012 |
| Lønningar | 184 940 | 186 500 | 142 669 676 | 123 142 585 |
| Folketrygdavgift | 19 604 | 19 504 | 15 077 569 | 12 622 105 |
| Pensjonskostnader | 0 | 0 | 4 911 728 | 4 651 432 |
| Andre ytingar | -184 000 | 184 000 | 2 355 704 | 2 552 460 |
| **Lønnskostnader** | **20 544** | **390 004** | **165 014 677** | **142 968 582** |
| Gjennomsnittleg tal på tilsette i rekneskapsåret | 0 | 0 | 265 | 262 |

| Godtgjersler (i kroner) | Daglig leder | Styret | Daglige ledere | Styret |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 0 | 171 500 | 2 812 786 | 528 500 |
| Anna godtgjersle | 0 | 0 | 317 328 | 0 |

### Lån til aksjonærar og tilsette

Det ligg ikkje føre lån eller sikkerheitstillingar til fordel for aksjonærar eller tilsette, utover ordinære lønnsforskot.

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| **Revisor** | 2013 | 2012 | 2013 | 2012 |
| Revisjon og revisjonsliknande tenester* | 80 125 | 53 550 | 441 885 | 402 725 |
| Honorar for andre tenester frå vår revisor | 0 | 50 775 | 66 575 | 167 025 |
| Revisjon og revisjonsliknande tenester levert frå annan revisor* | 0 | 0 | 0 | 0 |

*** Revisjon og revisjonsliknande tenester dekker følgande:**

- Alt arbeid som lov og god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunne gje revisjonsberetinga si iht. ISA 700 til årsrekneskapet. Inkludert nødvendig ekstrarbeid og veileiing for å kunne legge fram rekneskapet i samsvar med lovgivninga sine krav.
- Tilsvarende arbeid for at revisor kan attestere / bekrefte vår rapportering til selskapet sitt morselskap.
- Underskrift på næringsoppgåve og årsoppgåve for arbeidsgivaravgift, jf SA 3801 Revisor sin kontroll med skattar og avgifter.
- Avtalte kontrollhandlingar etter anmodning frå leiinga/ pålegg frå generalforsamlinga, jf ISRE 4400.
- Begrensa revisjon av rekneskap, jf ISRE 2400.
- Arbeid knytt til attestasjon / stadfestingar påladt valt revisor gjennom lovgivinga, jf SA 3802. Revisor si utgreiing og stadfestingar etter selskapslovgivinga.
- Arbeid knytt til andre stadfestingar / attestasjonar lagt fram av valt revisor, jf ISA 800 og 810.

Honorar til revisor er presentert eksklusiv mva.

## Note 6 Lønnskostnader / Talet på tilsette / Godtgjersler / Lån til tilsette / Pensjonar mm, held fram.

**Samansetting av samla pensjonar og pensjonsforpliktingar**

Konsernet deltek i LO/NHO-ordninga som inneber at alle tilsette kan velje å gå av med førtidspensjon frå og med 62 år. Denne ordninga vart i februar 2010 vedteke avvikla og det var kun mogleg å gå av med førtidspensjon etter den gamle ordninga fram til 31.12.2010. Gevinsten ved avviklinga av ordninga vart inntektsført i 2010, og presentert som ein reduksjon av lønnskostnader. Ein gjenverande avsetting gjeld selskapet sin eigendel for personar som er førtidspensjonistar i den gamle ordninga. Konsernet sin del av underdekning i gamal ordning må dekkast innan 5 år. Dette er estimert og avsatt for i rekneskapet.

Som erstatning for den gamle AFP-ordninga er det etablert ei ny AFP-ordning. Den nye AFP-ordninga er, i motsetning til den gamle, ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei ordning som gir eit livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velje å ta ut den nye AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, attåt jobb, og den gir ytterleg opptening ved arbeid fram til 67 år. Den nye AFP-ordninga er ei ytingsbasert fleirføretakspensjonsordning, og vert finansiert gjennom premiar fastsett som ein prosent av lønn. Rekneskapsmessig vert ordninga handsama som ei innskotsbasert pensjonsordning.

Konsernet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Konsernet har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette som tilfredsstiller krava i denne lova.

Konsernet har ein individuell pensjonsavtale, tilleggspensjon, med ein noverande og ein tidligare tilsett. Avsetning dekker konsernet sine framtidige forpliktingar

| Pensjonskostnad | 01.01-31.12 | |
|---|---|---|
| | 2013 | 2012 |
| Endring avsetning pensjonsforpliktingar tilleggspensjon | 300 393 | 246 818 |
| Endring avsetning pensjonsforpliktingar AFP-ordning | -282 357 | -120 879 |
| Utbetalt tilleggspensjon, OTP og AFP | 4 893 692 | 4 525 493 |
| **Netto pensjonskostnad** | **4 911 728** | **4 651 432** |

| Avstemming av pensjonsordninga sin finansierte status mot beløp i balansen: | 31.12.2013 | | 31.12.2012 | |
|---|---|---|---|---|
| | Midler > Forpliktelser | Midler < Forpliktelser | Midler > Forpliktelser | Midler < Forpliktelser |
| Opptent pensjonsforplikting tilleggspensjon | 0 | 3 510 303 | 0 | 3 209 910 |
| Opptent pensjonsforplikting AFP-ordning | 0 | 787 260 | 0 | 1 069 617 |
| Berekna pensjonsforpliktingar | 0 | 4 297 563 | 0 | 4 279 527 |
| Ikkje resultatført verkand av estimatavvik | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto pensjonsforpliktingar** | **0** | **4 297 563** | **0** | **4 279 527** |

| **Økonomiske føresetnader:** | | |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 4,10 % | 4,2 % |
| Forventa lønnsregulering | 3,75 % | 3,5 % |
| Forventa pensjonsauke/G-regulering | 3,50 % | 3,3 % |
| Forventa avkastning på fondsmiddel | 0,00 % | 0,0 % |

Som aktuarmessige føresetnader for demografiske faktorar og avgang er lagt til grunn vanlig nytta føresetnader innan forsikring.



## Note 7 Dotterselskap, tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd

Aksjar og andelar i datterselskap, tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd.

| Selskap | Ansk. tidspunkt | Forretnings-kontor | Eigardel = Stemmedel | Ansk.kost | Bokført verdi | Selskapet sin eigenkapital | Årets resultat |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Dotterselskap - Mor:** | | | | | | | |
| Bremnes Seashore AS | 1989/1996 | Bømlo | 100% | 159 904 730 | 159 904 730 | 419 272 123 | 197 945 839 |
| Salmon Brands AS | 2004/2012 | Oslo | 100% | 116 134 489 | 116 134 489 | 24 618 657 | 6 139 568 |
| Kald Fisk AS | 1994 | Bømlo | 100% | 55 500 | 55 500 | 6 800 257 | 238 085 |
| Sølvfisk | 2010 | Bømlo | 100% | 3 096 000 | 3 096 000 | 144 120 | -175 966 |
| **Sum dotterselskaper** | | | | **279 190 719** | **279 190 719** | **450 835 157** | **204 147 526** |
| | | | | | | | |
| **Tilknytta selskap - Mor: *** | | | | | | | |
| Ocean Quality AS | 2010 | Bergen | 40,00 % | 4 000 000 | 4 000 000 | 26 355 416 | 11 313 653 |
| **Sum tilknytta selskap** | | | | **4 000 000** | **4 000 000** | **26 355 416** | **11 313 653** |
| | | | | | | | |
| **Tilknytta selskap - konsern: **** | | | | | | | |
| Ocean Quality AS | 2010 | Bergen | 40,00 % | 4 000 000 | 14 000 685 | 26 355 416 | 11 313 653 |
| **Sum tilknytta selskap** | | | | **4 000 000** | **14 000 685** | **26 355 416** | **11 313 653** |

* Kostmetoden vert nytta for investering i tilknytta selskap i morselskapet sine rekneskap.
Nedskriving vert gjennomført dersom det ligg føre verdifall som vert vurdert som varig.

** Eigenkapitalmetoden vert nytta for tilknytta selskapa i konsernrekneskapet.

Det vert utarbeida konsernrekneskap for konsernet Bremnes Fryseri AS. Konsernrekneskapet består av konsolidert rekneskap for selskapa Bremnes Fryseri med dotterselskapa Bremnes Seashore AS, Salmon Brands AS, Kald Fisk AS og Sølvfisk AS.

## Note 8 Aksjar og delar i andre selskap

Anleggsaksjar og mindre investeringar i ansvarlige stiftingar kor selskapet ikkje har betydeleg innverknad vert balanseført til gjennomsnittleg innkjøpskost. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Utbetalingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

| Mor: | Eigardel | Innkjøpskost | Balanseført verdi | Marknadsverdi |
|---|---|---|---|---|
| **Anleggsmiddel:** | | | | |
| Sævareid Fiskeanlegg AS | 16,7 % | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| Andre aksjar | | 151 200 | 151 200 | 151 200 |
| | | **10 151 200** | **10 151 200** | **10 151 200** |

Selskapet har solgt sine aksjer i Grieg Seafood ASA i 2013.

| Konsern: | Eigardel | Innkjøpskost | Balanseført verdi | Marknadsverdi |
|---|---|---|---|---|
| **Anleggsmiddel:** | | | | |
| Sævareid Fiskeanlegg AS | 16,7 % | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| Occurente AS | 20,0 % | 1 933 750 | 1 933 750 | 1 933 750 |
| Andre aksjar | | 5 725 338 | 246 040 | 246 040 |
| | | **17 659 088** | **12 179 790** | **12 179 790** |

Som marknadsverdi er brukt innkjøpskost for mindre, ikkje børsnoterte aksjar.
Grieg Seafood ASA er nedskriven til børskurs pr balansedato, forøvrig er det ikkje vurdert å vere bruk for nedskriving av verdiane.

## Note 9 Forskings- og utviklingskostnader

Konsernet kostnadsfører løpende forskings- og utviklingskostnader knytt til produksjonsprosessar i verksemda. Forskingsprosjekta gjeld nye slaktemetodar for laks og utvikling av nye prosessar for å auke kvaliteten på vidareforedla lakseprodukt. Forskingsarbeidet har gitt positive resultat i form av jamn og god kvalitet på slaktefisk samt nye spesialkvalitetar på vidareforedla produkt. I tillegg deltek konsernet i eit felles prosjekt med målsetting om å utvikle metodar som hindrar smittespreiing i sjø, og reduserer konsekvens av eventuell sjukdom. Forventa samla inntening frå FoU-aktivitetane vil overstige kostnadene..



## Note 10 Skatt

| Mor – 01.01-31.12 2013 | Mor 2012 | | Konsern – 01.01-31.12 2013 | Konsern 2012 |
|---|---|---|---|---|
| | | **Betalbar skatt framkjem slik:** | | |
| 165 826 097 | 55 260 353 | Ordinært resultat før skattekostnad | 263 331 677 | 44 152 501 |
| 27 975 000 | 0 | Konsernbidrag med skattemessig verknad | | |
| -1 800 000 | 0 | Konsernbidrag med skattemessig verknad, avgitt | | |
| -175 250 940 | -64 765 140 | Permanente forskjellar | 2 204 774 | -5 175 439 |
| 2 337 141 | 1 097 119 | Endring middeltidige forskjellar | -9 594 978 | -41 798 552 |
| -19 084 338 | 0 | Anvendt underskot til framføring | -32 575 046 | -6 842 710 |
| 0 | -170 000 | Avrekning betalbar skatt tidlegare år | 0 | 1 537 |
| 2 960 | -8 577 669 | Grunnlag betalbar skatt | 223 366 427 | -9 662 663 |
| 829 | 0 | Betalbar skatt 28% | 62 542 600 | 329 451 |
| 0 | 0 | Andvendt framførbar godtgjersle | 0 | 0 |
| **829** | **0** | **Betalbar skatt på årets resultat 28%** | **62 542 600** | **329 451** |
| | | **Årets skattekostnad framkjem slik:** | | |
| 829 | 0 | Betalbar skatt på årets resultat | 62 542 600 | 329 451 |
| 504 000 | 0 | Skatt på avgitt konsernbidrag | | |
| 0 | -1 043 | Avrekning betalbar skatt og utsatt skatt tidlegare år | 0 | -1 473 |
| 0 | 0 | Brutto endring utsatt skatt - konsolidering Salmon Brands | 0 | 10 682 809 |
| 4 743 711 | -2 708 941 | Brutto endring utsatt skatt | 6 981 318 | -98 253 |
| 0 | 0 | Utsatt skatt på prinsippendringar ført mot EK | 0 | 0 |
| **5 248 539** | **-2 709 984** | **Årets totale skattekostnad** | **69 523 917** | **10 912 534** |
| | | **Betalbar skatt i balansen framkjem slik:** | | |
| 0 | 0 | Betalbar skatt på årets resultat | 62 542 600 | 329 451 |
| 0 | 0 | Betalbar skatt tidlegare år | 0 | 0 |
| **0** | **0** | **Sum betalbar skatt** | **62 542 600** | **329 451** |

## Note 10 Skatt held fram..

| Mor – 01.01-31.12 2013 | 2012 | | Konsern – 01.01-31.12 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| | | **Spes. av grunnlag for utsett skatt/skattefordel:** | | |
| | | *Forskjellar som vert utlikna:* | | |
| -5 098 557 | -3 199 579 | Anleggsmiddel | 79 478 012 | 79 246 830 |
| 0 | 0 | Omlaupsmiddel | 427 085 644 | 416 692 559 |
| 0 | 0 | Gjeld | -4 297 563 | -4 279 527 |
| -350 952 | 87 211 | Gevinst og tapskonto | 1 941 402 | 2 952 654 |
| -5 449 509 | -3 112 368 | Sum førebelse forskjellar | 504 207 495 | 494 612 516 |
| 0 | -19 084 338 | Underskot til framføring | -21 578 691 | -54 153 738 |
| **-5 449 509** | **-22 196 706** | **Sum** | **482 628 804** | **440 458 778** |
| **-1 471 368** | **-6 215 078** | **Utsatt skatt/utsatt skattefordel 27 % (2012: 28 %)** | **130 309 776** | **123 328 459** |
| | | **Forklaring: Kvifor årets skattekostnad ikkje utgjer 28 % av resultat før skatt:** | | |
| 46 431 307 | 15 472 899 | 28 % skatt av resultat før skatt | 73 732 870 | 12 362 700 |
| -49 070 263 | -18 134 239 | Permanente forskjellar (28 %) | 617 337 | -1 449 123 |
| 7 833 000 | 0 | Konsernbidrag med skattemessig verknad | 0 | 0 |
| 0 | -48 643 | Avrekning betalbar skatt tidlegare år | 0 | -1 043 |
| 54 495 | 0 | Effekt av endring skatteprosent ved beregning av utsatt skatt/skattefordel | -4 826 288 | 0 |
| **5 248 539** | **-2 709 984** | **Utrekna skattekostnad** | **69 523 917** | **10 912 534** |
| **3 %** | **-5 %** | **Effektiv skattesats *)** | **26 %** | **25 %** |

*) Skattekostnad i forhold til resultat før skatt



## Note 11 Eigenkapital og aksjonærinformasjon – Mor

| Eigenkapital: | Aksjekapital | Overkursfond | Innskoten anna EK | Anna EK | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 31.12.2012** | **6 100 000** | **29 031 511** | **14 632 629** | **61 717 168** | **111 481 309** |
| **Årets endring i eigenkapital:** | | | | | |
| Avgjort og utbetalt utbytte i 2013 | | | | 12 000 000 | 12 000 000 |
| Årsresultat | | | | 160 577 558 | 160 577 558 |
| **Eigenkapital 31.12.2013** | **6 100 000** | **29 031 511** | **14 632 629** | **210 294 726** | **260 058 867** |

**Eierstruktur:**

| Dei største aksjonærane i Bremnes Fryseri AS pr. 31.12.2013: | Talet på aksjar | Sum | Eigardel | Stemmeandel |
|---|---|---|---|---|
| Åsholmen Invest AS | 305 000 | 305 000 | 50,00 % | 50,00 % |
| Skjold Investering AS | 132 183 | 132 183 | 21,67 % | 21,67 % |
| Kvednavikjo Invest AS | 71 183 | 71 183 | 11,67 % | 11,67 % |
| LaBahia AS | 50 817 | 50 817 | 8,33 % | 8,33 % |
| Gerd Johansson | 50 817 | 50 817 | 8,33 % | 8,33 % |
| **Sum største aksjonærar** | **610 000** | **610 000** | **100,00 %** | **100,00 %** |
| **Totalt antall aksjar** | **610 000** | **610 000** | **100,00 %** | **100,00 %** |

**Aksjar og opsjonar eigd av medlem i styret, bedriftsforsamling og dagleg leiar:**

| Namn | Verv | Talet på aksjar | Tot. tal. aksjar | Indirekte eigarandel | Talet på opsjonar |
|---|---|---|---|---|---|
| Indirekte eigar Olav O. Svendsen | Styremedlem/Konsernsjef | 305 000 | 610 000 | 50 % | 0 |
| Indirekte eigar Eivind Sævarud | Styremedl. | 30 500 | 610 000 | 5 % | 0 |
| Indirekte eigar Laila Knarvik | Styremedl. | 10 677 | 610 000 | 2 % | 0 |

## Note 11 Eigenkapital og aksjonærinformasjon - Konsern

| Eigenkapital: | Aksje kapital | Overkursfond | Ann eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 31.12.2012** | **6 100 000** | **26 058 525** | **428 097 874** | **460 256 398** |
| **Årets endring i Eigenkapital:** | | | | |
| Årsresultat | | | 193 807 760 | 193 807 760 |
| Utbytte avgjort og utbetalt i 2013 | | | -12 000 000 | -12 000 000 |
| **Eigenkapital 31.12.2013** | **6 100 000** | **26 058 525** | **633 905 634** | **642 064 158** |

## Note 12 Varige driftsmiddel - Mor

| | Bygn., tomter o.a. fast eigend. | Maskiner, inv, verktøy o.l | 2013 Sum | 2012 Sum |
|---|---|---|---|---|
| Innkjøpskost 01.01 | 141 565 244 | 35 984 369 | 177 549 613 | 175 233 352 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 18 944 101 | 196 350 | 19 140 451 | 2 316 261 |
| Tilgang eigenutvikla driftsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avgang | -1 025 900 | 0 | -1 025 900 | 0 |
| **Innkjøpskost 31.12** | **159 483 445** | **36 180 719** | **195 664 164** | **177 549 613** |
| *– av dette balanseførte lånekostnader på eigentilvirka driftsmiddel* | | | *0* | *0* |
| | | | | |
| Avskrivingar, nedskrivingar og rev. ned. 01.01 | 39 520 410 | 20 204 298 | 59 724 708 | 51 394 545 |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12 | 45 680 281 | 22 606 184 | 68 286 465 | 59 724 708 |
| Akkumulerte reverserte nedskrivingar 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avskrivingar, avgang driftsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Balanseført verdi 31.12** | **113 803 164** | **13 574 535** | **127 377 699** | **117 824 904** |
| *– av dette balanseførte leigeavtalar* | | | *0* | *0* |
| *– av dette gjenverande oppskriving* | | | *0* | *0* |
| | | | | |
| **Årets avskrivingar** | **6 159 871** | **2 401 886** | **8 561 757** | **8 330 163** |
| **Årets nedskrivingar** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Årets reverserte nedskrivingar** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | |
| Økonomisk levetid | Inntil 25 år | Inntil 20 år | | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | | |

## Note 12 Varige driftsmiddel – Konsern

| | Driftslausøyre, inv. ol. | Transportmidler | Bygn., tomter o.a. fast eiged. | Maskiner og anlegg | Prosjekt under utførelse | 2013 Sum | 2012 Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innkjøpskost 01.01 | 2 696 850 | 2 124 751 | 166 715 769 | 665 104 568 | 0 | 836 641 938 | 766 121 236 |
| Tilført ved oppkjøp av Salmon Brands | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 13 441 422 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 1 150 919 | 784 989 | 22 104 527 | 69 178 377 | 2 783 411 | 96 002 223 | 57 279 280 |
| Tilgang eigentuviklede driftsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avgang | 0 | -724 950 | -1 025 900 | -772 454 | 0 | -2 523 304 | -200 000 |
| **Innkjøpskost 31.12** | **3 847 769** | **2 184 790** | **187 794 396** | **733 510 491** | **2 783 411** | **930 120 857** | **836 641 938** |
| *– Herav balanseførte lånekostnader på eigentilverka driftsmiddel* | | | | | | *0* | *0* |
| | | | | | | | |
| Avskrivingar, nedskr. og rev. nedskr. 01.01 | 564 200 | 1 473 622 | 50 909 347 | 325 618 352 | 0 | 378 565 521 | 322 932 644 |
| Akk. avskr. konsolidert oppkjøp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12 | 996 276 | 1 589 942 | 57 691 905 | 380 890 650 | 0 | 441 168 773 | 378 527 521 |
| Akkumulerte nedskrivingar 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avskrivingar, avgang driftsmiddel | 0 | -430 216 | 0 | -441 692 | 0 | -871 908 | -38 000 |
| **Balanseført verdi 31.12** | **2 851 494** | **1 025 063** | **130 102 491** | **353 061 532** | **2 783 410** | **489 823 990** | **458 114 416** |
| *– av dette balanseførte leigeavtalar* | | | | | | *0* | *0* |
| *– av dette gjenverande oppskriving* | | | | | | *0* | *0* |
| | | | | | | | |
| **Årets avskrivingar** | **432 076** | **116 320** | **6 782 558** | **55 272 298** | **0** | **62 603 252** | **55 632 876** |
| **Årets nedskrivingar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Årets reverserte nedskrivingar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | |
| Økonomisk levetid | Inntil 5 år | Inntil 10 år | Inntil 25 år | Inntil 25 år | | | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | | | |
| | | | | | | | |
| Årleg leige av ikkje balanseførte leigeavtalar | | | | | | 8 217 832 | 7 757 828 |
| Varigheit av leigeavtalar som ikkje vert balanseført. | | | | | | Inntil 8 år | Inntil 8 år |

Konsernet leiger landfester og anlegg. Desse er ikkje balanseført då leigeavtalane i hht. god rekneskapsskikk ikkje vert sett på som finansiell leige.



## Note 13 Immaterielle eigedelar – Konsern

| | FoU | Konsesjonar og patentar | Goodwill | 2013 Sum | 2012 Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Innkjøpskost 01.01 | 3 279 508 | 145 792 031 | 217 929 255 | 367 000 794 | 136 527 402 |
| Tilført ved oppkjøp av Salmon Brands | 0 | 114 221 | 0 | 114 221 | 26 271 689 |
| Tilgang kjøpte immaterielle eigedelar | 0 | 0 | 0 | 0 | 204 201 702 |
| Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Innkjøpskost 31.12** | **3 279 508** | **145 906 252** | **217 929 255** | **367 115 015** | **367 000 794** |
| *– av dette balanseførte lånekostn. på eigenutv. imm. eiged.* | *0* | *0* | *0* | *0* | *0* |
| | | | | | |
| Avskrivingar, nedskrivingar og rev. ned. 01.01 | 2 641 509 | 8 100 324 | 46 964 584 | 57 706 416 | 40 410 567 |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12 | 3 017 327 | 8 290 914 | 66 907 104 | 78 215 344 | 53 206 417 |
| Akkumulerte nedskrivingar 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 500 000 |
| **Balanseført verdi 31.12.** | **262 182** | **137 615 337** | **151 022 151** | **288 899 671** | **309 294 377** |
| | | | | | |
| **Årets avskrivingar** | **375 818** | **190 590** | **19 942 520** | **20 508 928** | **12 795 850** |
| **Årets nedskrivingar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | |
| Økonomisk levetid | | Evigvarande | 10 år | | |
| Avskrivingsplan | | | Lineær | | |

Det vert ikkje gjennomført lineære avskrivingar på konsesjonsverdiar, då desse vert vurdert å ha varig verdi. Avskrivingar på kr 190 590 er relatert til patentar.
Av balanseført verdi vedrørande konsesjonar og patentar utgjer patentar kr 1 729 054 pr 31.12.
Goodwill vert avskrive over 10 år. Forventa levetid bygger på dei vurderingar som låg føre på oppkjøpstidspunktet, inkludert framtidig inntening, varigheit på positive kontantstraumar og risiko knytt til vurdering av fremtidig inntening.

**Goodwill i konsernet kan spesifiserast på følgande oppkjøp**

| | | |
|---|---|---|
| Bremnes Seashore AS | 1994-2006 | 2 305 725 |
| Espevær Fiskeoppdrett AS | 2009 | 1 007 163 |
| Salmon Brands AS | 2012 | 147 709 263 |
| **Sum** | | **151 022 151** |

## Note 14 Mellomverande med selskap i same konsern m.v. – Mor

| Lån til føretak i same konsern | 31.12.2013 | 31.12.2012 |
|---|---|---|
| Foretak i samme konsern | 15 985 919 | 16 372 715 |
| **Sum** | **15 985 919** | **16 372 715** |

| Andre fordringar | 31.12.2013 | 31.12.2012 |
|---|---|---|
| Føretak i samme konsern | 163 318 587 | 64 086 540 |
| **Sum** | **163 318 587** | **64 086 540** |

I posten andre fordringar er fordringar som kan vurderast som kundefordringar inkludert.

| Anna kortsiktig gjeld | 31.12.2013 | 31.12.2012 |
|---|---|---|
| Føretak i samme konsern | 1 800 000 | 53 258 739 |
| **Sum** | **1 800 000** | **53 258 739** |

I posten anna kortsiktig gjeld inngår gjeld som kan vurderast som leverandørgjeld.

## Note 15 Kassekreditt - Mor og konsern

Kassekreditt i konsernet er ei konsernkonto-ordning, der selskapa er solidarisk ansvarleg.
Bremnes Fryseri AS, Bremnes Seashore AS og Kald Fisk AS er knytt til konsernkonto kassekreditt.

| Fordeling av kassekreditt pr 31.12.2013 | |
|---|---|
| Bremnes Fryseri AS | -129 852 313 |
| Bremnes Seashore AS | 122 689 658 |
| Kald Fisk AS | 1 151 373 |
| **Sum kassekreditt** | **-6 011 282** |

Kassekreditt limit utgjer kr 160 000 000 pr 31.12.13, av dette er kr 10 400 000 relatert til garantiforpliktingar, jfr note 5..



## Note 16 Transaksjonar med nærstående

**Transaksjon mellom mor og dotterselskap:**

| Frå Bremnes Fryseri AS til Bremnes Seashore AS (heileigd dotterselskap): | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Leige av eigedom | 14 470 320 | 14 117 472 |
| Anna | 2 097 798 | 2 667 421 |
| **Sum** | **16 568 118** | **16 784 893** |

Transaksjonene er gjennomført som del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

**Transaksjonar mellom søsterselskap i konsern:**

| Frå Bremnes Seashore AS til Salmon Brands AS: | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Kjøp av råvarer og ferdigvarer | 164 998 061 | 130 417 582 |
| Fellesutgifter | 914 373 | 866 400 |
| Anna | - | 87 311 |
| **Sum** | **165 912 434** | **131 371 293** |

| Frå Salmon Brands til Bremnes Seashore AS: | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Leige maskiner | 643 716 | 951 108 |
| Fellesutgifter | 841 631 | - |
| Anna | - | 14 860 |
| **Sum** | **1 485 347** | **965 968** |

| Frå Kald Fisk AS (søsterselskap) til Bremnes Seashore AS: | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Royalties vedrørande patent | 392 264 | 1 340 844 |
| **Sum** | **392 264** | **1 340 844** |

Transaksjonane er gjennomført som del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

## Note 16 Transaksjoner med nærstående, held fram

**Transaksjonar med tilknytta selskap:**

| **Frå Bremnes Seashore AS (dotter) til Ocean Quality AS (tilknytta selskap):** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|
| Kjøp av råvarer og ferdigvarer | 1 180 889 585 | 842 116 896 |
| Anna | 185 695 | 286 055 |
| Sum | 1 181 075 280 | 842 402 951 |

| **Frå Ocean Quality AS (tilknytta selskap) og Bremnes Seashore AS (dotter):** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|
| Kjøp av råvarer og ferdigvarer | 4 248 179 | - |
| Finanskostnad | 17 885 | 3 719 482 |
| **Sum** | **4 266 064** | **3 719 482** |

Transaksjonane er gjennomført som del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

**Styreleiar:**

Styreleiar i konsernet, Øyvind Bjørn Fossøy, har utført konsulenttenester for Bremnes Seashore AS. Tenestene er fakturert frå selskap i styreleiars indirekte eigarskap, Fossøykallene AS. Totalt konsulenthonorar for 2013 utgjer kr 3 614 644.



# Revisor si melding


KPMG AS
Hamnegata 48
P.O. Box 684
N-5404 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Bremnes Fryseri AS

MELDING FRÅ REVISOR

**Fråsegn om årsrekneskapen**

Vi har revidert årsrekneskapen for Bremnes Fryseri AS, som er samansett av selskapsrekneskap som viser eit overskot på kr 160 577 558, og konsernrekneskap som viser eit overskot på kr 193 807 760. Selskapsrekneskapen og konsernrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet og konsernet Bremnes Fryseri AS si finansielle stilling per 31. desember 2013 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret, som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.


*Melding frå revisor 2013*
*Bremnes Fryseri AS*

**Utsegn om andre tilhøve**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Stord, 8. april 2014
KPMG AS

Willy Hauge
*Statsautorisert revisor*



LOKALITET: SØLVØYANE, BØMLO KOMMUNE

Bremnes Seashore


## Bremnes Fryseri AS

Øklandsvågen, 5430 Bremnes
Sentralbord: Tlf 53 42 82 00 – Fax 53 42 82 01
E-post: bremnes@seashore.no

**www.seashore.no**


**OKTAN** Stord — Foto: Øyvind Sætre / Magne Langåker